



Siv Ing Tore Nygård AS
Skjoldavikvegen 7
5574 SKJOLD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3624 - 18/2430

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
25.01.2018

Løyve til oppgradering av veg til Nesfossen - gbnr 56/9, 14 og 20 Hundvin

Administrativt vedtak. Saknr: 040/18

Tiltakshavar: Nesfossen Smolt AS
Ansvarleg søkjar: Siv.Ing Tore Nygård AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppgradering av eksisterande veg til Nesfossen.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid i samband med tiltaket. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.12.17 og supplert 08.01.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 29.12.17. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 08.01.18. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 29.01.18.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Nesfossen nærings- og industriområde er definert som veg .

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 08.01.18.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedommen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4.
Avkøyrsløse til offentlig veg vert uendra av tiltaket. Det skal sendast inn eigen søknad for utbetring eksisterande avkøyrsløse.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Det leggst til grunn at veg skal oppgraderast i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Tiltaket gjeld oppgradering av vegareal frå P20-P360 i revidert situasjonsplan av 08.01.18. Det skal sendast inn eigen søknad vedrørande oppgradering av avkøyrsløse til offentlig veg.

Privatrettslege tilhøve

Grunneigerar er varsla om tiltaket ved nabovarslinga og kommunen har ikkje motteke merknader/innsigelsar på tiltaket. Det vert lagt til grunn for vedtaket at tiltakshavar har dei private rettane til å gjennomføre tiltaket. Vedtaket tek difor ikkje stilling til dei privatrettslege tilhøva.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eit-trinn for oppgradering av veg til Nesfossen på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast som vist i godkjent reguleringsplan med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket gjeld oppgradering av vegstykket frå P20 – P360 som vist i revidert situasjonsplan av 08.01.18

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/3624

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegnar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegnar gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nesfossen Smolt AS

Lindåsvegen 1480 5956

HUNDVIN

Mottakarar:

Siv Ing Tore Nygård AS

Skjoldavikvegen 7 5574

SKJOLD

Siv. Ing. Tore Nygård AS

Littleåsveien 49 5132

NYBORG